



Dato: 24.02.2021  
Arkivref: 2021/3837-3911/2021 /

Saksbehandlar: Lene Borgen Waage  
53 42 30 58  
lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Næring, innovasjon, idrett og kultur	09.03.21

### Oppfølging av frivilligpolitisk plattform våren 2021

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, innovasjon, idrett og kultur tek orientering om oppfølging av frivilligpolitisk plattform våren 2021 til vitande.

#### Uttrykte vedlegg:

PS 128/2020 Frivilligpolitisk plattform 2020-23 for Bømlo kommune:

<https://einnsyn.bomlo.kommune.no/einnsynBK/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbld=33799&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=451520&sourceDatabase=>

Bømlo kommune sine nettsider om samarbeid og dialog mellom kommunen og frivillige:

<https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivillighet/lag-og-organisasjonar/samarbeid-og-dialog-med-frivillige/>

#### Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok frivilligpolitisk plattform i desember 2020. Det er eit mål om at det skal vere enkelt å drive frivillig arbeid og vere frivillig i Bømlo, samt eit hovudprinsipp om at frivillige skal vere frie og villige, samt fem prinsipp:

1. Stønadsordningar skal vere enkle å søkja/rapportera på
2. Lett tilgjengeleg og oppdatert informasjon
3. Det skal vere enkelt og rimeleg for frivillige å bruke kommunale lokalar
4. Kommune og frivillige kan samarbeide om ulike tilbod og aktivitetar, samstundes som frivilligeita sin eigenart og sjølvstende skal ligge til grunn
5. Det skal stimulerast til tiltak/anlegg, som skaper aktivitet og fungerer som sosial møteplass

I saka vart det vist til ei rekkje oppfølgingspunkt av plattformen. I denne saka går kommunedirektøren gjennom hovudtrekka så langt.

#### Vurderingar

##### Dialogmøte med lag og organisasjonar våren 2021

Bømlo kommune har sidan 2012 gjennomført dialogmøte med lag og organisasjonar. Dette har vore eit ope møte med alle lag og organisasjonar. Agenda for møta tidlegare år har til dømes vore:

- Utforming av frivilligpolitisk plattform
- Kva som gjer at dei frivillige vil bidra, korleis frivillige lag og organisasjonar kan bidra og korleis ein kan ha eit godt samarbeid mellom kommunen og frivillige?
- Utvikling og bidrag til Folk på Bømlo
- Lagsmodulen

- Oversikt møteplassar
- Behov for bistand frå kommunen

Det har vore lagt vekt på at tema og organiseringa av møta skal gjera at møta ikkje blir eit informasjonsforum, men ein arena for dialog og innspel. Våren 2021 er det framleis naudsynt å ta omsyn til koronapandemien i gjennomføring av dialogmøta. Me legg derfor opp til at dialogmøte med potensielt mange deltakarar blir gjennomført digitalt.

#### *Dialogmøte med grendautvala*

Grendautvala har ein definert eigen status som paraplyorganisasjonar for sine grender. Dei mottek per i dag driftstilskot og har ein eigen status i høyringar. Grendautvala har gitt tilbakemelding om at dei ynskjer eigne dialogmøte med kommunen. Våren 2021 gjennomfører me derfor eit felles digitalt møte med alle grendautval 18. mars, før kommunedirektøren og rådgivar for folkehelse og frivilligheit har fysiske møter med alle grendautval. Ordførar deltek på møta dersom han har høve til det. Agenda blir tilpassa grendene sin eigenart, men prosess for kommuneplanens arealdel, trafikksikring og aktuelle prosjekt i grenda vil vera gjennomgåande tema i alle møta.

#### *Dialogmøte med lag og organisasjonar*

Alle lag og organisasjonar er invitert til eit felles digitalt dialogmøte 26. mars. Tema for dialogmøtet blir mellom anna innføring av fritidskortet og vurdering av ordning med aktivitets- og driftsmidlar i Bømlo kommune. Me har også fått eit veldig godt innspel frå eit lag om å diskutera førebuing av frivilligheitas år 2022.

#### **Tilskuddsportalen**

Frå 1. januar 2021 abonnerer Bømlo på tilskuddsportalen. Tilsette og representantar frå lag og organisasjonar i Bømlo kan dermed opprette brukarar og få oversikt over tilskotskjelder frå heile Noreg. 27. april vil me i tillegg få kurs i korleis me best finn relevante tilskot på dagtid (for kommunetilsette) og på kveldstid (for lag og organisasjonar).

#### **Nettsider og nyheitsbrev**

I midten av kvar månad sender rådgivar for folkehelse og frivilligheit ut nyheitsbrev til grendautval, lag og organisasjonar med til dømes informasjon om relevante prosessar, søknadsfristar og høyringar.

14. januar lanserte kommunen nye nettsider. Under kultur, idrett og frivilligheit finn ein mellom anna

- oversikt over kommunens tilskot, prisar og stipend og lokale eksterne finansieringskjelder
- oversikt over lag og organisasjonar og kontakinformasjon til grendautvala
- frivilligpolitisk plattform og nyheitsbrev som er sendt ut dei seinaste månadene

#### **Fritidskortet**

Stord, Fitjar og Bømlo fekk 23.2.21 melding frå Bufdir om at dei tre samarbeidskommunane har blitt tildelt kr 13.810.000,- i tilskot til forsøk med fritidskort haust 2021 og vår 2022. Dette vil seia at alle barn og unge i alderen 6 – 18 år vil få dekka kr 1.000,- kvart halvår til deltakaravgift til faste, jamlege organiserte aktivitetar som gir mogelegheit for tilhøyre over tid.

Kommunane startar no opp arbeidet for å få dette på plass til 1. august 2021. I det vidare arbeidet vert det fokus på: Val av digital løysing, kontakt/samarbeid med lag- og organisasjonar, frivilligsentral, ungdomsråd, NAV og andre kommunale tenester.

Kommunedirektøren vil komma attende med meir informasjon om fritidskortet og vidare oppfølging av frivilligpolitisk plattform i seinare møte i 2021.